

Når Lars Amund Vaage frå Sunde i går fekk Brageprisen for skjønnlitteratur kan ein trygt slå fast at dette har vore ein stor litterær haust for Kvinnherad.

Brageprisane er dei gjevaste som vert utdelt på det litterære område her i landet og set kronen på bøkene til to lokale forfattarar. Mona Vetrhus frå Uskedalen har gjeve ut ei debutdiktsamling som også har fått mykje positiv omtale og begge har nytta det anerkjente forlaget Oktober.

Laurdag ettermiddag vert det høve til å møta begge på Rosendal Turisthotell.

Boka Syngja til Vaage er beretninga om korleis det er å vera far til eit autustisk born. Vaage sitt tema er altså djupt menneskjeleg.

Det same kan seiast om dei gripande dikta til Mona ettersom dei i stor grad handlar om ungdom som fell frå i eit lokalsamfunn.

Av Ola Matti Mathisen